

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 60/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

Grunneigarfondet – søknad frå Vasetvangen Helsetun

Vasetvangen Helsetun søker om kr 200.000 i tilskot frå grunneigarfondet til bygging av Vasetvangen Helsetun. Orientering om bedrifta og forretningsideen er vedlagt søknaden til grunneigarfondet.

I følgje søknaden skal Vasetvangen Helsetun gi eit allsidig behandlingstilbod samt vera eit kur- og kursstad for alle som søker optimal helse. Konseptet byggjer behandlingsmåten "Living Food Lifestyle" og blir det fyrste av denne type i Norge.

Vasetvangen Helsetun skal førast opp vest for Vasetstølen. Her skal det i fyrst omgang førast opp garasjeanlegg m/verkstad, anneks og styrarbustad m/behandlingsseksjon. Det er utarbeidd felles bebyggelsesplan med Vaset utbyggingsselskap og Vasetstølen. Utbyggingsselskapet og Vasetstølen skal bygge "varme senger" ved oppføring av utleigehytter.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og tilrår søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog